

# Møtebok FR 05. februar 2025

**Råd/utval:** Stord kyrkjelege fellesråd.  
**Tid:** Onsdag 05. februar 2025 kl. 17:00  
**Opningsord:** Dag  
**Stad:** Kyrjekontoret i Sæ 21.

TIL STADES: Dag Sele (Stord), Heine Kaldefoss (Nysæter), Knut Gram (Stord), Tormod Stautland (Nysæter), Tom Knudsen (kommunal representant), Jørgen Knudsen (geisteleg repr) og Liv Kari Bru (kyrkjeverje/dagleg leiar).

## Saksliste

Saksnr.	A.kode	Sak tittel
---------	--------	------------

**2025/01 012.1 Godkjenning av innkalling og saksliste.**

*Godkjent utan merknader.*

**Samrøysta vedteke.**

**2025/02 012.1 Godkjenning av møtebok frå fellesrådsmøte 19. des. 2024.**

*Godkjent med følgjande kommentar: Det er ynskjeleg at endringar som vart vedteke i møtet vert konkretisert i vedtaket.*

*Referat frå møtet 19. des. 2024 vert sendt ut på ny med konkretisering av endringar.*

**Samrøysta vedteke.**

**2025/03 133 Førebels resultat driftsrekneskap 2024.**

*Stord kyrkjelege tek førebels informasjon om driftsrekneskapet for 2024 til orientering med følgjande merknadar:*

*Fokus:*

- Meirutgifter i samband med vannlekkasje på Frugarden skal sendast som krav til kommunen.*
- Føring av fondsbruk og avsetningar til bunde fond, særleg knytt til unytta trusopplæringsmidlar, må avklarast med kommunen og revisor.*

**Samrøysta vedteke.**

**2025/04 113 Investeringsbudsjett 2025-2028**

*Stord kyrkjelege fellesråd tek framlegget til førebels investeringsbudsjett 2025-2028 til orientering, med følgjande kommentarar:*

- Få inn oversikt over ubrukte investeringsmidlar i oppsettet.*
- Få inn oppdaterte tal for oppgradering av varme, lys og ventilasjon i Nysæter.*
- Summera fondsbruken post for post.*
- Fellesrådet ber om å få denne saka tilbake på april-møtet.*

**Samrøysta vedteke.**

## 2025/05 111 Endeleg godkjenning av utleigeprisane for kyrkjene våre.

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek å auka leigeinntektene som fylgjer:

Utleigepris for kyrkjene inkl. kyrkjelydssalen i Nysæter:

- a. Utleigepris for lokale amatørkor og liknande kr. 2.000.-
- b. Utleigepris for profesjonelle/semiprofesjonelle leigetakarar: 20% av brutto bilettinntekter. Minstepris kr. 2.000,-.
- c. Utleige av kyrkjene til gravferd og vigsel for ikkje-medlemmer: Kr. 5.000,-.

Fellesrådet ynskjer å vurdera satsane i samband med budsjetthandsaminga for 2028, og seinast 01.01.2028.

**Samrøysta vedteke.**

## 2025/06 046 Innspel til årsrapport for Stord kyrkjelege fellesråd 2024.

Stord kyrkjelege fellesråd har fylgjande innspel til årsrapport for 2024:

- Informasjon om benchmarking-rapporten og korleis Stord kom ut samanlikna med andre kommunar.
- Omtala den økonomiske situasjonen inkl. bruken- og budsjettering av fondsmidlar.
- Forklara kvifor rehabiliteringa av Stord kyrkje har stått stille.
- Nøktern omtale av nedtrekket i rammetilskotet for 2024 og konsekvensane av dette, inkl. kortvarig temperatursenking..

Stord kyrkjelege fellesråd ber kyrkjevevja ta med fellesrådet sine innspel til årsmelding 2024. Endeleg vedtak av årsmelding 2024 blir på møtet i juni 2025.

**Samrøysta vedteke.**

## EVENTUELT Høyringsuttale tilskotsforvaltninga.

Innmeldt av Dag Sele som òg orienterte om denne høyringa frå Kyrkjerådet.

Frist for å levera høyringsuttale er medio mars.

Saka handlar om endring av reglar for tilskot frå Kirkerådet (via BDR) til fellesråda.

For Stord sin del handlar det om tilskot til trusopplæring, diakon og kateket/kyrkjelydspedagog.

Stord kyrkjelege fellesråd vedtek å delegera denne høyringa til AU.

Dag Sele skriv framlegg til høyringsuttale.

**Samrøysta vedteke.**

## Referat, meldingar, orienteringar:

- Nytt frå Stord Sokneråd v/ Knut & Dag
  - Kyrkjemusikar Noah Wibe deltok på sist møte i SR. Gjennomgang av plan for kyrkjemusikalsk arbeid. Handsaming av utleigesaker knytta til musikk, er delegert til Noah.
  - Gjevarteneste.
  - Lyd i kyrkja
    - Oppmoding til prestane og andre om tydeleg tale.
    - Kartlegga rommet med tanke på kor dei som vil ha nytte av teleslynga, høyrer best.
    - Plakat som forklarar kor teleslynga virkar best.
    - Får tak i eit apparat som kyrkjetenar kan bruka for å måla effekten av teleslynga.

- Nytt frå Nysæter sokneråd v/ Heine & Tormod
  - Handsaming av utleigeprisar.
  - Kjetil Eldøy er oppnemnt som medlem i diakoniutvalet.
  - Planlegging av idemyldring 11. februar.
  - Ny leiar i Kyrkjeringen er Solveig Nilsen.
- Referat frå Kyrkjestova Fredheim v/ Dag
  - Basaren samla fullt hus og gav strålande økonomisk resultat.
  - Førebuing av årsmøte.
- Nytt frå komiteen som arbeider med kyrkjelydshus v/ Dag
  - Komiteen arbeider jamt og trutt med tanke på muligheter for tomt.
- Nytt frå staben:
  - Stillingar og status.
  - Besøk av repr. for KLP som informerte om pensjonsordning. Dette var eit tilbod til dei i staben som fyller 60 i år, eller er eldre – totalt 9 stk. Felles foredrag for alle og deretter tilbod om 30 min individuell veiledning.
- Nytt frå gravplassane.

Møteleiar avgjer om saker som vert meldt etter innkallinga er utsend skal handsamast, så sant ikkje minst 1/3 av medlemene motset seg det. Saker kan utsetjast ved vanleg fleirtalsrøysting.

Stord 05.02.2025  
For Stord kyrkjelege fellesråd

Dag Sele  
Leiar



Liv Kari Bru  
Kyrkjeverje/dagleg leiar

Neste møte i fellesrådet er  
02.april 2025 kl. 17:00